



Det Kgl. Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

**Vår ref**  
2009/133/2/C55

**Deres ref:**  
2008/00086 KIA POG

**Saksbehandlar**  
Kari Hølmo Holen  
61 70 07 33

**Dato**  
01.04.2009

### **Høyringsuttale frå Sel kommune - Pilegrimsmotivet som nasjonal satsing**

Statsråd Trond Giske tok i januar 2008 initiativ til å etablere eit prosjekt for nasjonal pilegrimssatsing med utgangspunkt i Nidarosdomen som pilegrimsmål. Prosjektet var eit samarbeid med Sør-Trøndelag fylkeskommune og Trondheim kommune, og vart slutført 31.12.2008. Prosjektleiar for oppdraget var Per Kvistad Uddu, og han har skrive ei utgreiing om pilegrimsmotivet som mogleg nasjonal satsing. Rapporten "På livets vei - Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt" er ein prosjektrapport som inneheld forslag til strategisk plan for den nasjonale pilegrimssatsinga.

I høyringsrunden blir det invitert til at høyringsinstansane kan kommentere rapporten på fritt grunnlag, men spesielt er det bedt om kommentar på:

- om utfordringane innafor satsinga på pilegrimsmotivet er dekkande
- om det blir gjeve tilslutning til dei måla som er identifisert
- om strategi og tiltak for å nå desse måla er hensiktsmessige

Høyringsinnspillet vil spesielt rette seg mot det som vedkjem regionen og Sel kommune, men med ein del andre kommentarar.

- Knutepunkt i Oppland – forslag om Dovre, Dale-Gudbrand og Granavollen. Sel kommune støttar tanken om knutepunktetablering, og meiner val av stader er relevante. Dovre har over tid synleggjort seg godt i dette arbeidet. Likevel ber vi også om at Jørundgard blir vurdert som eit mindre knutepunktsenter. Det er investert betydelege både kommunale og statlege kroner i denne staden. Jørundgard ligg midtvegs mellom Dale-Gudbrand og Dovre og infrastrukturen er på plass (dusj og toalett, servering, ro og fred etc). Vi vil og nemne turistanlegget på Varphaugen sør i kommunen. Varphaugen har namn etter eit "varp", det betyr at dette var eit lokalt knutepunkt for pilegrimane. Her var det frå gamalt av ein skystasjon, mens det i dag er mogleg å få enkel og rimeleg kost og losji.

- Infrastruktur - Leden går gjennom Sel frå Nord-Fron til Dovre grense, og det er viktig at ikkje berre knutepunkta blir sett, men at det blir lagt vekt på å utvikle god infrastruktur langs heile leden. Det er m.a. sett fram forslag om at kvar pilegrim skal kunne overnatte for 100 kr, og at alle skal få plass. Sjølv om prisen på einkilde overnattingsstader kan vere låg, må også målet med Pilegrimsleden vere næringsutvikling, og dei som legg til rette med overnatting må forventast å få noko att for dette. Såleis bør redusert overnattingspris bli kompensert frå Pilegrimsfondet om dette blir eit krav. Vidare bør ein utnytte allereie eksisterande overnattingsbedrifter i staden for å bygge opp mange nye. Vi er positive til at det blir avsett utviklingsmidlar, men stiller spørsmål ved krav til søknad, storleik og kriteriar for tildeling. Krav til eigendel er ofte vanskeleg for bedriftene å finne, og dette støttar difor dei som har overnattingar året rundt, ikkje dei som berre driv i mindre omfang. Jørundgard er ein ideell stad for ein pilegrim å koma til, med bakgrunn i historia om Kristin Lavrandsdatter, miljøet som er oppretta mot middelalderkultur og kyrkja som med si innreiing inviterer til ettertanke og ro. Rekvisitter er knytt både opp mot Olav den Heilage og Pilegrimsleden. Kyrkja er vigsla økumenisk, og tar såleis i vare alle kyrkjelege tradisjonar.
- Vedlikehald av leden – det er føresett at kommunane skal avsetje midlar til vedlikehald, noko vi allereie gjer. Sel historielag er engasjert til vedlikehald, og kontaktperson er på plass i kommunen. I dag er det eit problem å få dekt midlar til større vedlikehald, da kommunen må stille med halvparten av finansieringa. Det er sett som nødvendig at støtteordning sentralt blir oppretthalde. Det er sett som positivt at det blir ei heilheitleg perspektiv på drift av leden.
- Pilegrimsprest – Sel kommune støttar at det blir oppretta stillingar som pilegrimsprestar, men at dei må kunne nyttast i alle kommunane langs leden. Vi stiller elles spørsmål ved at stilling som naturveileder og pilegrimsprest skal kombinerast.
- Opne kyrker – Rapporten legg opp til at alle kyrkjer skal vere opne i vandresesongen. Ansvar for opne kyrkjer er lagt til dei lokale sokneråd. For at kyrkjene skal vere opne for publikum, krev dette at nye ressursar blir stilt til rådvelde for arbeidet. Elles stiller vi oss positive til at kyrkjene skal vere opne, da eit slikt tilbod er viktig både som kulturberar og for at pilegrimane og andre kan koma inn i kyrkjene.
- Informasjon og marknadsføring - Sel kommune støttar at dette er eit nasjonalt koordineringsansvar i samarbeid med regionale sentra og andre aktørar. Elles bør det bli utarbeidd informasjon som kan finnast både på bibliotek, turistinformasjonar, kyrkjer og i kommunane. Det er viktig at informasjonen blir knytt til heile leden, eventuelt med mindre brosjyrar og bruk av internett og digitale media. Både Sør-Fron, Sel og Dovre kommunar m.a. er medlemmar i Stiftelsen iNasjonalparker, og det er oppretta nasjonalparksentra fleire stader, m.a. på Otta og Dombås, desse bør og kunne nyttast med tanke på informasjon. Vi ber om at det blir vurdert å kjøpe tenester frå dei lokale fjellstyra til rettleiing og informasjon.
- Pilegrimsutval – Sel kommune sluttar seg til eit nasjonalt pilegrimsutval, og at det også blir oppretta lokale pilegrimsutval.
- Namn – vi stiller oss uforståande til endring frå Pilegrimsleden til Pilegrimsmotivet, da Pilegrimsleden er eit godt innarbeidd og kjent namn både i og utanfor Noreg.

Med helsing

Dag Erik Pryhn  
Ordførar

Kari Hølmo Holen  
Kommunalsjef